

Orienteringsmøte for friviljuge til Festidalen

03.08.2017



120 av totalt 330 frivillige samla til informasjon om oppgåver.

Onsdag kl. 18.00 møttest om lag 120 av dei friviljuge som skal ha ulike oppgåver fredag og laurdag ettermiddag og kveld for prepping til det som ventar desse dagane. Samstundes var mange friviljuge i arbeid med rigging og pynting ute på jordet.

"General" Bjørn Olav Tveit opna med ei generell orientering om festivalen si utvikling, og korleis han har vorte til ein svært velfungerande festival som dreg både publikum, artistar og friviljuge. Pedagogisk nok la han spesielt vekt på at det ikkje berre er innhald og omgjevnader som gjer ein festival til det han er: Dei friviljuge er på mange måtar nokre av dei viktigaste andleta festivalen har mot publikum. Verstsrolla skal liggja fremst. Grensesetjing og påpassarrolle får liggja til det trengst, men kjem det så langt, er det viktig å kjenna til korleis desse sidene skal handterast og.

Mona Enes ga ei meir spesifisert orientering, og presenterte leiarane for dei ulike gruppene. Totalt er om lag 330 friviljuge involverte. Aldersfordelinga er svært god, med både eldre og yngre deltagarar. Verd å nemna er det og at etter kvart har det vorte slik at alle bygdelag i kommunen er representerte, og i tillegg har det vorte mange langvegsfarande som har vorte gjengangarar i friviljugstabben. Dei ulike gruppene gjekk deretter kvar for seg for gjennomgang av sine oppgåver, og korleis dei skulle handterast.



Ferdig preppa

Etterpå vart det sosialt samvere, lågmælt musikk, burger og drikke på låven. Mange nytta seg av dette tilbodet. Eg vil tru at nett eit slikt høve til å helsa på gamle kjende frå tidlegare Festidalar - eventuelt og å finna seg nye kjende - er viktige årsaker til at så mange melder seg som friviljuge år etter år. Viktigast er det truleg likevel at orienteringa er slik at ein i ettertid kjenner seg nokolunde trygg på jobben ein vert tildelt, og at ein vert teken vare på medan ein er på jobb.

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland